




Kvalitetsstandarar for tildeling av tenester i pleie- og omsorg



Lom

Februar 2016

Innhaldsliste

1. INNLEIING	4	6.3. Vilkår for tildeling	8
1.2.Målsetting.....	4	6.5. Tenestas innhald	8
1.3.Tenestene Lom kommune tilbyr	4	6.6. Kva kan brukar forvente av tenesteytar	8
1.4. Prinsipp for saksbehandling.....	4	6.7. Våre forventningar til brukar	8
1.5. Klage	5	6.8. Praktiske opplysningar	9
1.6. Kva kan forventast av		7.0. STØTTEKONTAKT.....	9
Tildelingskontoret/tenesteytar	5	7.1. Lovgrunnlag.....	9
1.7. Kva vi forventar av brukar	5	7.2. Målsetting.....	9
TENESTER	5	7.3.Vilkår for tildeling	9
2.0. TT-kort	5	7.4. Forventningar av tenesteytar/tildeling.....	9
2.1. Lovgrunnlag	5	7.5. Våre forventningar til brukar.....	9
2.2. Generelt	5	7.6.Kommunale vilkår.	9
2.3. Målsetting	6	8.0. BPA (Brukarstyrt personleg assistanse).....	9
2.4. Vilkår for tildeling	6	8.1. Lovgrunnlag	9
2.5. TT-kort skal ikkje brukast til	6	8.2. Målsetting	9
3.0LED SAGERBEVIS	6	8.3. Kven kan få tenesta	9
3.1. Lovgrunnlag.....	6	8.4. Tenestas innhald	9
3.2.Generelt	6	8.5. Kva kan brukar forvente av tenesteytar	10
3.3. Målsetting.....	6	8.6. Våre forventningar til brukar	10
3.4. Vilkår for tildeling.....	6	8.7Kommunale vilkår	10
4.0.PARKERINGSBEVIS	6	9.0PRAKTISK BISTAND OG	
4.1. Lovgrunnlag.....	7	OPPLÆRING/HEIMEHJELP.	10
4.2. Generelt	7	9.1. Lovgrunnlag	10
4.3. Målsetting.....	7	9.2. Målsetting	10
4.4. Vilkår for tildeling	7	9.3. Kven kan få tenesta	10
4.5. Forventningar til brukar.....	7	9.4. Tenesta ytes etter følgjande standardar	10
4.6. Forventningar til utstedar.....	7	9.4.1. Naudsynt reinhald	10
5.0. VELFERDSTEKNOLOGI/		9.4.2. Naudsynt ærend	10
TRYGGLEIKSALARM.....	7	9.5. Ernæring	10
5.1. Lovgrunnlag	7	9.6. Oppgåver som ikkje inngår i tenesta	11
5.2. Målsetting	7	9.7 Kva kan brukar forvente av tenesteytar	11
5.2.1. Hjelp i ein akuttsituasjon:	7	9.8. Våre forventningar til brukar	11
5.3.Vilkår for tildeling	7	9.9.Praktiske opplysningar	11
5.4.Vilkår for leige av tryggleiksalarm	7	10. 0. PRAKTISK BISTAND OG	
5.5.Kva kan brukar forvente av tenesteytar	8	OPPLÆRING- i form av miljøarbeid	11
5.6. Forventningar til brukar	8	10.1. Lovgrunnlag	11
5.7. Praktiske opplysningar	8	10.2. Målsetting	11
6.0. MATOMBRINGING.....	8	10.3. Kven kan få tenesta.	11
6.1. Lovgrunnlag	8	10.4. Kva kan brukar forvente av tenesteytar	11
6.2. Målsetting	8	10.5. Våre forventningar til brukar.....	12
		10.6 Kommunale vilkår	12

11.0 DAGSETER FOR HEIMEBUANDE	15.5 Innhald i tenesta	15
PERSONAR MED DEMENS.....	15.6 Våre forventningar til brukar.....	15
11.1 Lovgrunnlag.....	15.7 Kommunale vilkår	16
11.2 Målsetting.....	16.0 OMSORGLØN.....	16
11.3 Kven kan få tenesta.....	16.1. Lovgrunnlag	16
11.4 Tenesta.....	16.2. Målsetting.	16
12.0 LOM ARBEIDSETER.....	16.3. Kven kan få tenesta.....	16
12.1 Lovgrunnlag.....	16.4. Grunnprinsipp om omsorgsløn	16
12.2 Målsetting.....	16.5. Vilkår for tildeling	16
12.3 Kven kan få tenesta.....	17.0 AVLASTNING I INSTITUSJON	16
13.0 OMSORGSBUSTAD	17.1. Lovgrunnlag	16
13.1 Lovgrunnlag	17.2. Målsetting	16
13.2 Målsetting	17.3. Kven kan få tenesta	17
13.3 Kven kan få tenesta	17.4. Tenestas innhald	17
13.4. Generelt	17.5. Kva kan pasienten forvente av tenesteytar. 17	
13.5. Vilkår for tildeling.....	17.6. Våre forventningar til pasienten	17
13.6. Praktiske opplysningar	17.7. Praktiske opplysningar	17
14.0. HELSETENESTER I HEIMEN	18.0 KORTTIDS-REHABILITERINGSOPPHALD	
-i form av heimesjukepleie.....	i INSTITUSJON/NGLMS.....	17
14.1. Lovgrunnlag	18.1. Lovgrunnlag	17
14.2. Målsetting	18.2. Målsettinga.....	17
14.3. Kven kan få tenesta	18.3. Kven kan få tenesta	17
14.4. Tenesta vert gjeven etter	18.4. Tenestas innhald	17
følgjande standarar	18.5. Kva kan pasienten forvente av tenesteytar/til-	
14.4.1 Personleg stell og omsorg.....	deling	18
14.4.2 Ernæring	18.6. Våre forventningar til pasient/pårørande/verje	18
14.4.3 Tilsyn	18.7. Praktiske opplysningar	18
14.4.4. Administrering av medikament	19.0 LANGTIDSOPPHALD I INSTITUSJON. 18	
14.4.5 Sårbehandling	19.1. Lovgrunnlag	18
14.4.6 Prøvetaking, undersøking, injeksjonar o.l.....	19.2. Målsetting	18
14.4.7 Omsorg ved livets slutt	19.3. Kven kan få tenesta	18
14.5. Oppgåver som ikkje inngår i tenesta	19.4. Tenestas innhald	18
14.6. Kva kan pasienten forvente av tenesteytar 15	19.5. Kva kan pasienten forvente av tenesteytar/til-	
14.7. Våre forventningar til pasienten	deling 19	
14.8 Praktiske opplysningar	19.6. Våre forventningar til pasient/pårørande/verje	19
15.0 AVLASTNING I AVLASTNINGSBUSTAD	19.7. Kommunale vilkår	19
ELLER PRIVAT HEIM.....	19.8. Praktiske opplysningar	19
15.1. Lovgrunnlag.....		
15.2 Målsetting.....		
15.3 Kven kan få tenesta.....		
15.4. Kva kan brukar forvente av tenesteytar.....		

1. INNLEIING

Dokumentet "Kvalitetsstandardar for pleie- og omsorgstenesta i Lom kommune" er ei presisering av korleis Lom kommune ynskjer å tilby sine tenester til innbyggjarane. Målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga på bakgrunn av myndigheitskrav, politiske prioriteringar samt vektlegging av etiske og tverrfaglege vurderingar og fagleg forsvarlegheit.

Kvalitetsstandardane har lagt følgjande prinsipp til grunn
All tenesteyting skal bygge på prinsippet «hjelp til sjølvhjelp».
All tenesteyting skal ta utgangspunkt i den enkelte sin ressurs og føre til at brukaren opprettheld eller gjenvinn størst mogleg grad av eigenmeistring.
Innbyggjarane i Lom kommune skal ha rett til å få tilrettelagt tenestar slik at dei kan bu heime lengst mogleg.
Lom kommune skal ha fleksible, kvalitativt gode, tilstrekkelege og forutsigbare tenester med stor grad av brukarmedverknad.

1.2. Målsetting

Skal ha høg kvalitet på tenestene.
Skal involvere brukarar og gje moglegheit til medverknad.
Skal utnytte ressursane på ein god og effektiv måte.
Tildeling av tenester skal skje ut i frå BEON-prinsippet (Beste effektive omsorgsnivå).

1.3. Tenestene Lom kommune tilbyr

TT-kort
Ledsagerbevis
Parkeringsbevis
Tryggleiksalarm
Matombringing
Støttekontakt
Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)
Praktisk bistand og opplæring daglege gjeremål
Praktisk bistand og opplæring i form miljøarbeid
Dagssenter for heimebuande personar med demens
Lom arbeidssenter
Omsorgsbustad
Helsetenester i heimen – i form av heimesjukepleie
Avlastning i avlastningsbustad eller i privat heim
Omsorgsløn
Avlastning i institusjon
Korttids-rehabiliteringsopphald i institusjon/NGLMS
Langtidsplass på institusjon

1.4. Prinsipp for saksbehandling

Når tenestebehovet skal vurderast blir det teke utgangspunkt i kva den enkelte greier sjølv, og kva som skal til for at brukar gjenvinn eller opprettheld størst mogleg grad av eigenmeistring.
Brukarane skal få tenester vurdert ut i frå lovverk, tverrfagleg individuell vurdering og vedtekne standardar, samt at andre typar sakshandsamingsverktøy kan nyttast. (eks. døgn/vekes-klokke registrering) Det blir og lagt vekt på brukarmedverknad i tilrettelegging av tenestene, og Tildelingskontoret vil saman med brukar finne ut kva tenestar han/ho har behov for. Det blir teke ei IPLOS-vurdering av brukar sitt behov for helsehjelp. IPLOS er kartlegging som beskriv ressursar og bistandsbehov til dei som søker eller mottar kommunale tenester.
Brukarane skal i møte med Lom kommune få god service der vi er tilgjengelege, imøtekomande og kjem med god informasjon om tenestar, rettar og plikter.
Sakshandsaminga følgjer forvaltningslova sine prinsipp.
Søknadar og personlege opplysningar vert handsama konfidensielt.
Tieplikta blir overhalden.
Lom og Skjåk Tildelingskontor tek kontakt med søkjar for og gjere avtalar, det blir vanlegvis gjort ved heimebesøk eller ved besøk der brukar oppheld seg i kommuna. Ved søkjarar frå andre kommunar vil det bli innhenta opplysningar frå bustads kommuna.

Ved akutt behov for tenester, vil Tildelingskontoret saman med tenesteutførar kome fram til tiltak som skal setjast i verk. Vedtak på tildeling av tenestar blir skrivne i etterkant.

Brukarar som har behov for langvarige og koordinerte tenestar, skal få tilbod om individuell plan jf. Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-5.

Vedtaket evaluerast kontinuerleg av tenesteytar, som rapportera ved behov for endringsvedtak.

1.5. Klage

Alle vedtak kan klagast på innan tidsfrist, dette vert det informert om i vedtaket. Dersom det er behov for hjelp til å skrive klagen, kan Lom og Skjåk Tildelingskontor hjelpe til med dette. Klaga blir sendt til Tildelingskontoret som tek ei ny vurdering av vedtaket, dersom vedtaket blir oppretthaldt, vidaresemdar Tildelingskontoret klaga og sakspapira til rett klageinstans som kan være Fylkesmannen i Oppland eller kommunale klagenemnd i kommunen, som for tida er Formannskapet for endeleg avgjersle.

1.6. Kva kan forventast av Tildelingskontoret/tenesteytar

Dette er felles for alle tenestene, meir spesifikke forventningar står under kvar enkelt tenestetilbod.

Teieplikta blir overhalden.

Respekt og venlegheit.

Heilheitleg behov for hjelp vert kartlagt saman med brukar. All tildeling av tenestar blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået og etter individuell/tverrfagleg vurdering.

Skriftleg vedtak og tenestebeskriving.

Tilbodet vert revurdert ved endring av behov.

Eventuelle klager blir teke på alvor.

Er det behov for hjelpemiddel, vil Lom og Skjåk Tildelingskontor hjelpe til med å vidareformidle dette.

Tenesteytar/Tildelingskontoret pliktar å hjelpe til med å skaffe relevant informasjon om tenestar innan pleie- og omsorg.

Tenesta vert ytt i samsvar med vedtak.

Tildelingskontoret kan vere behjelpelige med å innhente opplysningar frå, og eventuelt søkje om teneste frå andre forvaltningsorgan, som til dømes NAV.

1.7. Kva vi forventar av brukar

Dette er felles for alle tenestene, meir spesifikke forventningar står under kvar enkelt tenestetilbod.

Brukar gjev Tildelingskontoret naudsynte opplysningar, og/eller fullmakt til å innhente opplysningar som er relevante for utføringa av tenesta.

Brukar gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket

Brukar som har husdyr må sørje for at disse ikkje er til sjenanse for tenesteytar.

Brukar gjev beskjed til Tildelingskontoret eller tenesteytar ved endring av behov

Dersom det vert røykt i huset, skal det sørgjast for god utlufting før tilsette kjem.

At brukar viser tenesteytarane respekt i samband med arbeidet sitt

Den som er sett til å hjelpe skal ikkje kontaktast på fritida, med mindre dette er spesielt avtala

Melde til Tildelingskontoret dersom noko ikkje er tilfredsstillande, eller om du har behov for informasjon, råd, rettleiing og eventuelt klage.

Ved midlertidig opphald i Lom kommune må brukar bidra til at heimkommunen formidlar informasjon som er naudsynt for at Tildelingskontoret kan utføre god sakshandsaming og for å ha grunnlag til å fatte vedtak på tildeling av teneste.

TENESTER

2.0. TT-kort

2.1. Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

2.2. Generelt

TT ordninga er regulert av Oppland Fylkeskommune og organiserast av Rogaland Taxi, Stavanger. Ordninga gjeld for personar over 10 år. TT brukaren får tildelt eit kronebeløp på eit kort, heretter kalla brukarkort. Brukarkortet er eit personleg kort som kun kan nyttast av den kortet er utstett til. Turen skal betalast med TT-kort, men kan også betalast som ein kombinasjon med kontantar og brukarkort. Alle godkjente brukarar kan ha med seg ein ledsager gratis dersom brukar ikkje kan reise aleine. Dette må avkryssast på søknaden.

I tillegg til dør til dør tilbodet gir ordninga brukaren rett til gratis å nytte Opplandstrafikk sitt ordinære rutetilbod, unntatt bestillingsruter og fylkeskryssande ekspressruter. Tildeling skjer anna kvart år etter søkjar frå brukar og alle må søkje på nytt etter 2 år.

2.3. Målsetting

Skal bidra til at brukarar med varig forflytningshemming av fysiske eller psykiske årsaker, skal ha moglegheit til å kunne leva eit så aktivt liv som moglig.

2.4. Vilkår for tildeling

Transportordning for forflytningshemma er eit tilbod til de som har behov for spesialtransport, fordi de ut frå sin forflytningshemning, har store vanskar med å nytte det kollektive rutetilbodet på sin heimstad. Søkaren kan godkjennast ut i frå varig fysisk og psykisk forflytningshemning. Med varig menes det minimum to år. Det skal vera direkte samanheng mellom den varige forflytningshemninga og den manglande evna til å nytte seg av det ordinære kollektivtilbodet. Søkaren må ha eit individuelt transportbehov, og vera i stand til å nytte seg av transporttilbodet. Personar som misbrukar, nyttar lite eller ikkje nyttar TT-kortet gjennom heile året, vil bli trekt ut av ordninga.

Prioriterte søkjarar er:

Blinde og svaksynte

Personar som er heilt avhengig av rullestol

Andre sterkt forflytningshemma brukere etter særlig vurdering

2.5. TT-kort skal ikkje brukast til

Reiser som vert dekt av folketrygda, det vil si godkjente attføringsopplegg, medisinske undersøkingar/behandlingar.

Transport til avlastningsopphald/institusjon.

Skuleskyss og arbeidsreise.

3.0 LEDSAGERBEVIS

3.1. Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

3.2. Generelt

Vedtaket om gjeldande retningslinjer for ledsagerbevis vedteke av Oppland fylkeskommune, opphøyrd 31.12.2015.

Frå 01.01.2016 er det kommuna sitt ansvar og forvalte ordninga. Det vil bli utarbeidd retningslinjer for ordninga, som må opp til politisk godkjenning i kommuna.

Fram til ny politisk godkjenning, vil tidlegare retningslinjer bli fylgd ved tildeling

Dersom du har behov for følge eller assistanse for å gå på kultur-og fritidsarrangementer, kan du søke om ledsagerbevis. Du har ingen rett til ledsagerbevis, det er den enkelte kommune som bestemmer om de skal ha dette tilbodet. Ordninga omfatta personar med funksjonshemning på ei varigheit på minst 2-3 år.

Eit ledsagerbevis gjer det mogleg å ta med seg ein ledsager utan ekstra kostnader på kultur-og fritidsarrangement og på transportmidlar der dei akseptera denne ordninga.. Det er den aktuelle arrangør som avgjer kor vidt ledsagerbevis akseptert, og kva til rabattar som blir gjeve. Du betaler vanlegvis sjølv gjeldande prisar.

3.3. Målsetting

Ordninga skal vera eit virkemiddel for å førebyggje isolasjon og dermed bidra til auka livskvalitet for personar med redusert funksjonsevne.

Ledsagerbeviset skal bidra til at brukar med sjukdom eller redusert funksjonsevne kan få med seg ein ledsager utan ekstra kostnad, på kultur-og fritidsarrangement.

3.4. Vilkår for tildeling

Ledsagerbevis er berekna på personar med nedsatt funksjonsevne eller sjukdom som gjer at han/hun har behov for bistand for å kunne delta på arrangementa. I søknaden må det vedleggast passfoto samt uttalelse fra fastlegen eller legespesialist.

4.0. PARKERINGSBEVIS

4.1. Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste.

4.2. Generelt

Parkeringstillatelse for forflytningshemmede gir deg som brukar moglegheit til å parkere på reserverte parkeringsplassar med merke til dette. Tillatelsen kan gjelde både som sjåfør og som passasjer, dette må ein kryssa av i søknaden. Tillatelsen kan innvilges i begrenset tidsrom, med maksimalt tidsrom på 5 år.

4.3. Målsetting

Parkeringstillatelsen er ment som eit hjelpemiddel for personar som på grunn av vesentleg nedsatt forflytningsevne har eit særleg behov for parkeringlettelse på ein eller fleire konkrete stader.

4.4. Vilkår for tildeling

Parkeringsbevis blir tildelt etter skjønn, men med veiledende retningslinjer til Forskrift om parkering for forflytningshemmede. I søknaden må det vedleggast passfoto og uttalase fra fastlegen/legeerklæring. Ved fornying av kortet er det et krav om at gamle kort blir innlevert til makulering.

4.5. Forventningar til brukar

Forventningar er at brukar ikkje misbrukar kortet på noko vis.

4.6. Forventningar til utstedar

Kommuna kan tilbakekalle beviset ved misbruk.

5.0. VELFERDSTEKNOLOGI/TRYGGLEIKSALARM

5.1. Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste, men blir tildelt etter praksis i kommuna.

5.2. Målsetting

Tryggleiksalarman skal bidra til at innbyggjarane er i stand til å bu heime eller i omsorgsbustad så lengje som mogleg. Brukarane skal føle seg trygge i den livssituasjonen ho/han befinn seg i og tryggleiksalarman skal bidra til dette.

5.2.1. Hjelp i ein akuttsituasjon:

Ved hjelp av tryggleiksalarm skal brukaren ha moglegheit til å tilkalle hjelp i ein akuttsituasjon. Ein akuttsituasjon er å forstå som ein tilstand som brukaren kjem i øyeblikkeleg eller i løpet av nokre timar der brukaren må ha hjelp av helsepersonell for og koma seg ut av denne situasjonen.

5.3. Vilkår for tildeling

Det må føreligge søknad frå brukar.

Brukar må ha eige mobilabonnement.

Brukar må vera i stand til å forstå tryggleiksalarmens funksjon, og ha ferdigheit til å bruke alarmen.

Einslege prioriterast, men for omsorgstrengande i ein familiesituasjon skal familiens totale situasjon leggast vekt på.

Brukarar som har redusert bevegelegheit med fare for fallulykkar.

Brukarar som følar stor grad av utryggleik.

Brukarar med kronisk sjukdom som hindrar bruk av vanleg telefon.

Brukarar som har teknisk utstyr(eks. elektrisk rullestol/seng o.l.) som kan svikte, og som kan føre til behov for hjelp i ein situasjon utanfor rekkevidde av vanleg telefon.

5.4. Vilkår for leige av tryggleiksalarm

Brukarane av tryggleiksalarm er koplet opp mot Nord Gudbrandsdal Lokal Medisinske Senter, Otta som vidareformidlar alarmen til heimesjukepleia i Lom kommune eller eventuelt pårørande, eller andre som er ført opp som kontaktpersonar.

Brukar må betale månadsleie for tryggleiksalarman.

Brukarar som kjøpar eigne tryggleiksalarmanar må fylle kriteria i kvalitetsstandarane for Pleie- og omsorgstenesta i kommune for å bli knytt opp mot heimesjukepleia.

Vedlikehald og reperasjonar som følgje av vanleg bruk dekkes gjennom månadsleia.

Leiar må sjølv, betale skade som er påført som følge av uforsiktigheit.
Kommuna forbeheld seg retten til å inndra tryggleiksalarmar som ikkje brukas etter hensikta.
Framkommeleg/brøytet veg til bustaden.

5.5. *Kva kan brukar forvente av tenesteytar*

Det er moglegheit for å tilkalle hjelp 24 timar i døgnet.
Brukar gis opplæring i bruk av tryggleiksalarmen.
Har brukaren behov for hjelp, skal denne være på plass så raskt som mogleg.
Opplæring i bruk av alarmen, og skifte av batteri.
Telefonisk kontakt eller bistand av helsepersonell ved utløyst alarm.
Test av alarmen gjennomførast etter rutine.

5.6. *Forventningar til brukar*

Alarmen nyttas når uventa situasjonar oppstår, og det er behov for personbistand.
Alarmen skal berast av brukar heile døgnet.
Alarmen behandlast forsvarleg.
Nøkkelboks blir montert. Det er ein boks som blir montert utanfor inngangsdøra der husnøkkelen skal liggje inni. Dette for å sikre at tenesteytar til ein kvar tid har anledning til koma seg inn til brukar dersom det er behov for det.

5.7. *Praktiske opplysningar*

Det betalast leige for alarmen, leiga fastsettas av kommunestyret.
Det betalast avgift til Vaktentralen, som har ansvar for alarmtenesta.

6.0. MATOMBRINGING

6.1. *Lovgrunnlag*

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste, men blir tildelt etter praksis i kommuna.

6.2. *Målsetting*

Levering av ferdig middagsmat skal bidra til å dekke ernæringsbehovet til innbyggjarar som av helsemessige grunner ikkje sjølv er i stand til å ivareta dette på ein tilstrekkeleg måte.
Skal førebygge feilernæring og sjukdom.

6.3. *Vilkår for tildeling*

Brukar må bu eller opphalde seg i kommunen.
Heimebuande med fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming som ikkje er i stand til å ivareta sitt ernæringsbehov.
Som eit servicetilbod for førebygging av feilernæring og sjukdom.

6.4. *Vilkår for å abonnere på ordninga*

Abonnenten må forplikte seg til å abonnere på minimum 2 porsjonar i veka.
Dersom brukaren har behov for hjelp til å varme maten, fattast det i tillegg eit enkelt vedtak på "Helsehjelp i heimen" og tenesta utførast av heimetenesta.
Har brukar behov for hjelp til å varme maten, er det ein fordel at brukar har mikrobølgeovn.

6.5. *Tenestas innhald*

Maten produserast ved kjøkkenet på institusjon og blir køyrt ut til brukar ein eller to dagar kvar veke.
Diett blir levert dersom det ligg medisinske årsaker for det.
Kvar porsjon er merka med haldbarheitsdato.

6.6. *Kva kan brukar forvente av tenesteytar*

Levering av middag i henhold til vedtak.

6.7. *Våre forventningar til brukar*

Gjev beskjed ved behov for diett.
Avbestilling må skje seinast kl. 14:00 dagen før levering, elles krevjast betaling.
Vera tilstade ved levering eller sørge for at nokon tek i mot maten. Anten kan den hentast på kjøkkenet på institusjon same

dag før kl. 14:30.

6.8. Praktiske opplysningar

Pris per porsjon blir vedteke av kommunestyret.
Faktura sendes ut etterskottsvis kvar månad.

7.0. STØTTEKONTAKT

7.1. Lovgrunnlag

Støttekontakt er heimla i Lov om Helse og omsorgstjenester §§ 1-1, 3-1 og 3-2 nr 6 bokstav b.

7.2. Målsetting

Støttekontakta skal bidra til at den som mottek tenesta skal få ei meningsfull fritid og samvær med andre.
Innhaldet i tenesta skal leggast opp ut ifrå brukar sine behov og ynskje.

7.3. Vilkår for tildeling

Brukarar med psykisk, sosial og/eller fysiske funksjonshemningar, som treng bistand for å oppleve ei meningsfylt fritid.

7.4. Forventningar av tenesteytar/tildeling.

Tildeling blir gjort på bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået, etter individuell/tverrfagleg vurdering. Ved tilsetting av støttekontakt prøver ein så langt det er råd å etterkoma brukar sine ynskje om person. Kommuna har ansvar for rekruttering, rettleiing og opplæring av støttekontaktar.

7.5. Våre forventningar til brukar

Forhalde seg til vedteke timetal.

Lage plan for innhald og tid for avtaler i samarbeid med støttekontakt. (og event. kommunal representant.)

Forhalde seg til plan og vera tilstades når støttekontakta kjem

Varsle støttekontakta så tidleg som mogleg dersom avtala må avlysast eller endrast.

7.6. Kommunale vilkår.

Søklar må bu eller midlertidig opphalde seg i kommuna. Støttekontakta får ein fastsett sum pr. mnd til dekking av kjøreutgifter. Dersom brukar ynskjer å kjøre meir enn beløpet dekkjer, må brukar sjølv betale støttekontakta for dette. Utgiftar til aktivitetar må brukar dekke både til seg sjølv og for støttekontakta.

8.0. BPA (Brukarstyrt personleg assistanse)

8.1. Lovgrunnlag

BPA er heimla i Lov om person og brukerrettighetslov § 2-1 a, annet ledd og Lov om helse- og omsorgstjenester § 3-2 første ledd nr.6 bokstav b, og § 3-8, brukarstyrt personleg assistanse.

8.2. Målsetting

Med BPA skal brukaren gjevast moglegheit for aktivitetar og eit sjølvstendig liv til tross for funksjonshemming, og at han/ho skal kunne bu i eigen bustad så lenge som mogleg.

8.3. Kven kan få tenesta

Brukarar med psykiske, sosiale og/eller fysiske funksjonshemmingar.

8.4. Tenestas innhald

Er ein alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp for funksjonshemma.

Skal vera med å bidra til nettverksbygging.

Skal yte bistand til og koma i gang med arbeid, dagtilbod og fritidsaktivitetar.

8.5. Kva kan brukar forvente av tenesteytar

Tilbod revurderast ved endra behov eller ein gong per år.

Målet med tenesta blir avklart saman med brukar.

Tenestetilbodet vurderast i samanheng med andre teneste tilbod.

Det skal lagast ei samarbeidsavtale der det klart går fram kva som er dei ulike partane sine ansvarsområde.

Dersom kommuna skal vera arbeidsgjevar, kan kommuna hjelpe til i utlysings- og tilsetjingsprosessen.

Kommuna skal vera med å legge til rette for opplæring av arbeidsleder og assistentar.

8.6. *Våre forventingar til brukar*

Fungerar som arbeidsledar ihht. Arbeidsmiljølovens bestemmelsar.

Brukar skal ha rolla som arbeidsledar og sjølv ansvar for organisering og innhald innanfor den tildelte timeramma.

Når brukar sjølv ikkje har arbeidsledarrolla som skissert over, vil denne arbeidsleiaren inneha same ansvar som står under brukarens ansvar.

8.7 *Kommunale vilkår*

Søkjdar må bu eller midlertidig opphalde seg i kommuna.

Tenesteytingar som krev medisinsk og fagleg kompetanse som heimlast i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m., herunder helsetjenester i heimen, skal normalt ikkje organiserast gjennom BPA.

Det vert kravd eigenandel etter fastsette reglar og kommunale satsar for praktisk bistand som ikkje er personleg stell og eigenomsorg.

9.0 PRAKTISK BISTAND OG OPPLÆRING/HEIMEHJELP.

9.1. *Lovgrunnlag*

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. §§ 1-1, 3-1 og 3-2, nr. 6 bokstav b

9.2. *Målsetting*

Brukarar skal kunne bli buande i eigen heim trass nedsett funksjonsnivå, så lengje det er fagleg forsvarleg.

Behovet for bistand til daglege gjeremål blir ivareteke.

9.3. *Kven kan få tenesta*

Kommuna skal tilby praktisk bistand og opplæring i daglege, praktiske gjeremål til brukarar som har eit særst hjelpebehov på grunn av sjukdom eller funksjonshemming.

Personar som ikkje kan dra omsorg for deg sjølv eller er heilt avhengige av praktisk eller personleg assistanse for å greie daglege gjeremål, kan få tilbod om tenesta praktisk bistand/opplæring.

9.4. *Tenesta ytes etter følgjande standardar*

9.4.1. *Naudsynt reinhald*

- Reinhald av rom som er i dagleg bruk – støvturk, golvvask, støvsuging og vask av wc/bad.
- Bistand til oppvask.
- Bistand til vask av avtrekksvifte og til innvendig vask av kjøleskåp og mikrobølgeovn v/behov.
- Sengesift.
- Bistand til vask av klede.

9.4.2. *Naudsynt ærend*

- Bistand til å handle inn naudsynte matvarer og hygieneprodukt – bruk av konto på butikk.
- Bistand til å hente inn post og brensel dersom det er lett tilgjengeleg for tenesteutførar

9.5. *Ernæring*

Tenesteytar skal ha fokus på ernæringssituasjon hjå brukar.

Kan få tilbod om tilrettelegging av måltid/smørjing av brødmat.

Kan få bistand til oppvarming av ferdig laga middagsmat.

9.6. *Oppgåver som ikkje inngår i tenesta*

Det vil alltid bli vurdert slik at det brukaren greier sjølv, skal brukar gjera sjølv så langt det er råd. Greier brukaren t.d. å

tørke støv ved hjelp av hjelpemiddel(vasketralle), blir det ikkje gjeve hjelp til støvturking.

Storreingjering av tak og vegger, vask av vindauge, boning av golv, dra ut store og tunge tepper, puss av sølvtøy og kobbar, innvendig vask av skap, skifting av dobbelt glas o.l.

Reinhald av rom som ikkje er i dagleg bruk.

- Baking.
- Huslege oppgåver i samband med gjester og vaksne heimebuande.
- Hagearbeid som til dømes stell av blomsterbedd, slå gras ol.
- Hjelp til husdyrhald.
- Hjelp til flytting.
- Førebuing av høgtider.
- Følgje til lege, korttidsopphald på Lom helseheim, banken o.l.
- Tenesteytar har ikkje tilgang til å nytte brukaranes bankkort for å hente ut kontantar eller handling av matvarer og anna naudsynt utstyr, heller ikkje handtering av kontantar.
- Frakting av søppelsekk.

9.7 Kva kan brukar forvente av tenesteytar

Det vert varsla seinast dagen før dersom avtalar må endrast.

Ved sjukdom kan det varslast same dag.

Tenesteytar vil samhandle med brukar om utføringa av tenesta.

Fell heimehjelps dagen på ein heilagdag, vurderast det i det enkelte tilfellet om hjelp kan gjevast virkedagen før, eller fyrste virkedag etter denne.

9.8 Våre forventningar til brukar

Brukar skal være tilstade når tenesteytar kjem, og at det blir gjeve beskjed dersom brukar ikkje er heime til avtalt tid.

Når brukar mottar tenester i heimen blir heimen automatisk tenesteytars arbeidsplass og det forventas at brukar bidreg til å skape ein god arbeidsplass for tenesteytar jf. bestemmelsene i arbeidsmiljøloven.

Det er brukars sitt ansvar at heimen er utstyrt med naudsynt og tilpassa utstyr t.d. reingjeringsmiddel, reingjeringsutstyr som vaskebytte/vaskefille/mopp o.l. til utføring av arbeidsoppgåvene.

Brukar må sørge for at vegen er framkommeleg/brøytet og trygg uansett årstid, på det tidspunktet som er avtalt.

Det må vere lys utandørs slik at det er lett å finne fram for tenesteytar.

God hygiene er viktig for både brukar og tenesteytar, difor skal det vere flytande såpe og tørkepapir tilgjengeleg.

9.9 Praktiske opplysningar

Eigenbetaling skjer på grunnlag av netto inntekt av den samla skattbare inntekta for husstanden (ektefelle/sambuar,) før særfrådrag. Inntektsgrensa blir justerte etter grunnbeløpet i folketrygda, og vedteke av kommunestyret kvart år.

10. 0. PRAKTISK BISTAND OG OPPLÆRING- i form av miljøarbeid

10.1. Lovgrunnlag

Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a andre ledd.

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.§§ 1-1, 3-1 og 3-2 nr. 6 bokstav b.

10.2. Målsetting

Brukar skal ha eit mest mogleg aktivt og sjølvstendig liv til tross for si funksjonshemming, at han/ho skal kunne bu i eigen tilrettelagt bustad så lenge som mogleg.

Brukar skal kunne få ein meningsfull fritid.

10.3. Kven kan få tenesta.

Søklar som har eit særleg hjelpebehov på grunn av funksjonshemming/ utviklingshemming, der det er nødvendig med god tilrettelegging av dagleglivet sine aktivitetar og fritid. Tenesta vert gjeve uavhengig av buform.

10.4. Kva kan brukar forvente av tenesteytar

Bidra til at brukar har eit nettverk.

Bistand til arbeid, dagtilbod og fritidsaktivitetar.

Bistand til planlegging og gjennomføring av daglege gjeremål ved bruk av t.d. dagsplanar eller vekeplanar

Bistand til å utføre forskjellige gjeremål som t.d. butikkærend.
Innhaldet av tenesta skal leggjast opp ut i frå brukar sine behov.
Bidra til at brukar har eit nettverk.

10.5. Våre forventningar til brukar

Brukarmedverknad, sjølvstendigging og aktivisering er vektlagt i tenesteytinga.
Tenesta blir berre gjeve når du sjølv er til stades.
Det er forventa at du sjølv deltek aktivt i miljøarbeidet ut frå ditt funksjonsnivå.

10.6 Kommunale vilkår

Tenester som er opplæring eller der den praktiske hjelpa fyrst og fremst gjeld personleg omsorg og hygiene, er gratis. Praktisk hjelp til reingjering av heimen, stell av klede osv som ikkje er knytt til opplæring, er å sjå på som heimehjelpsrelaterte oppgåver, og dei kommunale vederlagssatsane for heimehjelp gjeld.

11.0 DAGSETER FOR HEIMEBUANDE PERSONAR MED DEMENS.

11.1 Lovgrunnlag

Ikkje lovpålagd teneste. Tenesta vert ytt som eit tiltak for å møte pliktene
Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene § 3,2. ledd pkt 4 og 16

11.2 Målsetting

Skal være ein plass der menneske skal bli møtt med respekt og tillit, og der dei kan få brukt sine evner for å styrkje sjølbildet og få ein meningsfylt kvardag.

Tilbod om dagaktivitetar er ein del av det kommunale omsorgstilbodet.

Brukarar med behov for å auke evna til eigenomsorg, fysiske, psykiske og sosialt.

Brukarar med behov for trening/aktivisering/vedlikehald av ferdigheiter.

Tilbodet skal fungere som avlastning for pårørande som har sær tyngjande omsorgsoppgåve.

Tilbodet skal medverke til at personen med demens kan bli buande i eigen heim så lenge det er forsvarleg.

11.3 Kven kan få tenesta

Heimebuande personar med demens.

11.4 Tenesta

Dagsenter for heimebuande personar med demens nyttar lokalet i Pensjonatet.

Tilbodet blir gjeve ein dag i veka.

Kommuna tilbyr og organisera skyss til og frå dagsenteret.

12.0 LOM ARBEIDSSENTER

12.1 Lovgrunnlag

Ikkje lovpålagd teneste. Tenesta vert ytt som eit tiltak for å møte pliktene i Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene § 3, 2. ledd pkt 4 og 16.

12.2 Målsetting

Arbeidssenteret har som mål at det skal være ein plass der alle skal bli møtt med respekt og tillit, og der ein kan få brukt sine evner for å styrke sjølvbiletet og få ein meningsfylt kvardag.

Arbeidssenteret utfører oppdrag for offentlege og private verksemdar og legg til rette for at arbeidet kan utførast av personar med alle typar funksjonshemmingar.

Det skal leggjast stor vekt på trivsel, sosialt samver og eigenutvikling.

Arbeidssenteret skal vera eit fleirbrukssenter for ulike brukargrupper.

12.3 Kven kan få tenesta

Tilbod om dagaktivitetar er ein del av det kommunale omsorgstilbodet.

Brukarar med behov for å auke evna til eigenomsorg, fysisk, psykisk og sosialt.

Brukarar med behov for trening/aktivisering/vedlikehald av ferdigheiter.

12.4 Dette kan du vente av tenesta

Vedtak om timtal/veke.

Arbeidssenteret er ope 3 dagar i veka.

Tilrettelagt aktivitet/arbeid utfrå funksjonsnivå.

Du skal oppleve å meistre aktiviteten din/arbeidet ditt.

Du skal kjenne deg trygg og verdsett på Arbeidssenteret.

Dine behov, ynskjer og moglegheiter skal ivaretakast.

12.5 Våre forventningar til brukar

Møte til oppsett tid og varsle frå så tidleg som mogleg ved fråvær.

Fylgje rutinar og reglar på Arbeidssenteret og vera med å bidra til eit godt arbeidsmiljø for alle.

13.0 OMSORGSBUSTAD

13.1 Lovgrunnlag

Tilbod om omsorgsbustad er ikkje lovpålagt, men i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-7, står det at kommuna skal medvirke til å skaffe bolig til vanskelegstilte.

13.2 Målsetting

Brukarar skal ha eit mest mogleg sjølvstendig liv i ein tilrettelagt bustad.

13.3 Kven kan få tenesta

Tenesta er eit tilbod til personar over 18 år som på grunn av psykisk og fysisk funksjonshemming treng tilrettelagt bustad for å greie og utføre daglege og praktiske gjeremål mest mogleg sjølvstendig og som treng nærleik til tenestene.

13.4 Generelt

Ein omsorgsbustad er ein fellesbetegnelse på bustadar som i sin utforming har ulike tilpassingar, som skal bidra til at bebuarane i større grad skal kunne meistre sin kvardag på ein tilfredsstillande måte. Ein omsorgsbustad er ein bustad som er tilrettelagt for orienterings- og bevegelseshemma.

Omsorgsbustader er ikkje fast bemanna, men brukarane kan få tildelt andre kommunale tenestar på individuellbasis som andre heimebuande.

13.5 Vilkår for tildeling

Søkjar har behov for eit trygt bumiljø.

Søkjar har behov for tilrettelagt bustad i høve til funksjonshemming slik at han/ho kan oppretthalde evna til sjølvhjelp og derfor ha eit mindre behov for hjelp til daglegdagse og praktiske gjeremål.

Søkjar har eit omsorgsbehov, og behov for nærleik til tenestetilbodet.

Det blir forventa at søkjar kan ha eit leigetilhøve over tid.

Søkjar sin nåverande bustad må vere vurdert ueigna i høve til funksjonsnivå.

Forventningar til leigetakar

Gjer seg kjend med innhaldet i leigekontrakt.

13.6 Praktiske opplysningar

Husleigekontrakt.

Husleige etter gjeldande regulativ, vedteke av kommunestyret.

14.0 HELSETENESTER I HEIMEN -i form av heimesjukepleie

14.1 Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. §§ 1-1, 3-1 og 3-2, nr. 6 bokstav a

14.2 Målsetting

Heimesjukepleie har som mål å førebygge, behandle og tilrettelegge for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett

funksjonsevne.

Pasienten skal ha høve til å bli buande heime, så lengje det er fagleg forsvarleg, med naudsynt helsehjelp.

14.3. Kven kan få tenesta

Heimesjukepleie blir tildelt til alle som bor eller oppheld seg i kommuna og som fyller vilkåra for å motta helsehjelp.

14.4. Tenesta vert gjeven etter følgjande standardar

Mål og planar for tenesta til brukar utarbeidast i samarbeid med pasient og eventuelt pårørande, jf. Lov om pasient- og brukerrettigheter, og Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester.

Brukarar av heimesjukepleie skal få dekt grunnleggjande behov ved å få tilpassa hjelp etter faglege vurderingar.

14.4.1 Personleg stell og omsorg

Bistand til å stå opp og leggje seg, personleg hygiene.

Bistand til dusj, samt vask av hår. I samband med dusj ytes bistand til å klippe neglar ved behov, stell av vanskelege neglar, må foregå hjå fotpleiar.

Opplæring i bruk av utstyr ved inkontinens, stell av stomi, kateterisering og stell av urinkateter.

14.4.2 Ernæring

Tenesteytar skal ha fokus på ernæringssituasjon hjå pasient.

Det kan gjevast tilbod om tilrettelegging/på smørjing av brødmatt.

Det kan gjevast bistand til å varme opp ferdig laga middagsmat

14.4.3 Tilsyn

Tilsyn i form av besøk eller telefonoppfølging frå tenesteytar skal ha ein klar konkret hensikt å vere fagleg begrunna.

14.4.4. Administrering av medikament

Hovudregelen er at pasientane bør ta hand om medisinarne sjølv. Bistand til å administrere medisinar kan innvilges når:

Pasienten har nedsett hukommelse/vurderingsevne.

Pasienten har betydeleg nedsett funksjonsevne.

Rusavhengige.

14.4.5 Sårbehandling

Heimesjukepleia kan bidra med sår stell i heimen dersom det medfører vanskar for pasienten å koma seg til helsesenteret i Lom, og når det føreligg fagleg grunngeving frå lege/spesialisthelsetenesta at sår stell må utførast av helsepersonell.

Pasient med behov for sår behandling som vert henvist til heimesjukepleia skal som hovudregel vere vurdert av lege.

Pasient med kroniske sår får refundert utgiftar til sår utstyr frå HELFO. Stadfesting frå lege, må ligge ved søknaden.

Heimesjukepleia/Tildelingskontoret kan vera behjelpelege med og søkje HELFO om refusjon av kostnader.

14.4.6 Prøvetaking, undersøking, injeksjonar o.l.

Skal normalt foretas hjå lege.

Dei tenestene pasienten kan få tilbod om andre stader, vil hovudsakleg ikkje tilbyds. Eksempel er ulike typar blodprøvar, injeksjonar som f. eks. B 12, influensavaksine og liknande. Dersom det av helsemessige grunnar ikkje lar seg gjere at pasienten kan få utført desse tenestene hjå lege, må det føreliggje søknad.

Måling av blodtrykk, puls og blodsukker er undersøkingar som blir gjort som ledd i ein observasjon, dette skal fagleg begrunnast og vera tidsavgrensa.

14.4.7 Omsorg ved livets slutt

Det gis moglegheit for at pasientar som ønskjer det, får dø i heimen omgitt av sine næraste.

I desse tilfella skal tenesta ta sikte på:

Den døyande skal sikrast best mogleg pleie og stell.

Den døyandes ønskjer og behov skal så langt som mogleg imøtekomast.

Sikre at pårørande får naudsynt hjelp og støtte.

Det blir avklart samhandling med behandlande sjukehus og/eller fastlege.

Det kan gis tilbod om smerte- og symptomlindrande behandling.

14.5. Oppgåver som ikkje inngår i tenesta

Pasientar som treng akutt medisinsk/kirurgisk og psykiatrisk behandling, skal henvisast til spesialisthelsetenesta. Følgje til lege og opphald i institusjon.

14.6. Kva kan pasienten forvente av tenesteytar

Tenesteytar vil samhandle med pasienten om utføringa av tenesta.

Pasienten får beskjed seinast same dag dersom avtalar må forandrast.

Tenesta organiserast på ein slik måte at det tilstrebes færrest mogleg tenesteytarar, ved primærsjukepleie.

Alle som mottar helsehjelp i heimen i form av sjukepleie, har rett til regelmessig oppfylgning ved offentleg tannklinikk. Jfr.

Tannhelsesloven §§2-1 og 1-3

14.7. Våre forventningar til pasienten

Pasienten må vera tilstade i heimen og at det blir gjeve beskjed dersom han/ho ikkje er heime til avtalt tid.

Når pasienten mottar tenestar i heimen blir heimen samstundes tenesteytars arbeidsplass. Det forventas at pasienten bidreg til å skape ein god arbeidsplass for tenesteytar jf. bestemmelsene i arbeidsmiljøloven.

Det er pasienten sitt ansvar at heimen er utstyrt med naudsynt og tilpassa utstyr t.d. neglesaks, toalettsaker, temperaturmål.

Pasienten må sørge for at vegen er framkommeleg/brøyt og trygg uansett årstid.

Det må vere lys utandørs slik at det er lett finne fram.

God hygiene er viktig for både pasienten og tenesteytar, difor skal det vere flytande såpe og tørke papir tilgjengeleg.

Når det søkast om bistand til å administrere medisinar må pasienten samtykke til at medikamenthandteringa forgår i samsvar med "prosedyre for legemiddelhandtering i heimesjukepleia".

14.8 Praktiske opplysningar

Tenesta er gratis.

15.0 AVLASTNING I AVLASTNINGSBUSTAD ELLER PRIVAT HEIM.

15.1. Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. §§ 1-1, 3-1 og 3-2 nr. 6 bokstav d.

15.2 Målsetting

Omsorgsytar får avlastning slik at omsorga for den omsorgstrengande framleis kan ivaretakast i heimen.

15.3 Kven kan få tenesta

- Personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid.
- Omsorgsbehovet er slik at den omsorgstrengjande ikkje kan vere aleine heile eller deler av døgnet.
- Omsorgsbehovet kan vere av fysisk, psykisk eller sosial karakter og det må medføre større behov for hjelp enn det som normalt vert forventa ut frå alder(gjeld spesielt born).

15.4. Kva kan brukar forvente av tenesteytar

- Planar for avlastinga vert utarbeidd i samarbeid med brukar, eventuelt pårørande.
- Det vert laga tidfesta plan for avlastningen.

15.5 Innhald i tenesta

- Avlastning kan gjevast i avlastingsbustad, avlastingsheim eller heime hjå den omsorgstrengande.
- Avlastning kan vere på dagtid, kveld, natt og helg.
- Det vert gjeve tilpassa hjelp til den omsorgstrengjande etter fagleg og individuell vurdering.

15.6 Våre forventningar til brukar

- Er sjølv ansvarleg for verdisaker/gjenstandar som er medbrakt ved avlastning i bustad.
- Gjev beskjed i god tid dersom det er behov for endringar i høve oppsett plan, samt melder inn behov for avlastning i skuleferiar innan fristen.
- Den som mottek avlastning må ha med seg naudsynt personleg utstyr, medisinar og

hjelpemidler som brukast dagleg.

15.7 Kommunale vilkår

- Pårørande/omsorgsyter må ta imot tilbod om tekniske hjelpemidler.
 - Foreldre si omsorgsplikt overfor mindreårige barn skal takast med i vurderinga, før arbeidet kan seiast å være omfattande og særskilt tyngjande.
 - Vask av privat tøy utføres berre ved langvarig avlastningsopphald i bustad.
- Sjølve tenesta er gratis, men brukar må sjølv dekke utgifter til eventuelle arrangement som konsertar, bading, kino mm.

16.0 OMSORGLØN

16.1. Lovgrunnlag

Omsorgsløn er ikkje lovpålagt, men kan tildelast etter Helse-og omsorgstenestelova § 3-6. Kommunane er pålagt å ha ordninga, men det er ikkje ein individuell rettigheit for innbyggjarane.

16.2. Målsetting.

Målet med omsorgsløn er å gje økonomisk støtte til omsorgsytar med sær s tyngjande omsorgoppgåver, og å bidra til best mogleg omsorg for dei som treng hjelp i dagleglivet og gjere det mogleg for private omsorgytarar å utføre hjelpe.

16.3. Kven kan få tenesta.

Omsorgsløn er for familiar der ein person er hjelpetrengjande og pårørande eller andre nære gjev omsorg. Ordninga kan gjelde dei som er gift med den omsorgtrengjande, andre frivillige omsorgytarar utan omsorgsplikt eller foreldre som har omsorgsplikt for mindreårige born.

Det er inga øvre aldersgrense for å motta omsorgsløn. Omsorgsløn vert tildelt til den som har omsorgsarbeidet, og ikkje til den som treng omsorg.

Både den som gjev og den som treng omsorg har rett til å søkje om omsorgsløn og å klage på vedtaket.

16.4. Grunnprinsipp om omsorgsløn

Når tildeling av omsorgsløn skal vurderast, skal det skje ei brei skjønnsmessig heilheitleg vurdering, der omsorgsløn blir sett i samanheng med andre pleie- og omsorgstenestar og eventuelt andre offentlege stønadsordningar.

Omsorgsarbeidet må skje i eigen heim.

16.5. Vilkår for tildeling

For å sikre at den som treng omsorg får dekt sine behov, må Lom og Skjåk Tildelingskontor i kvart tilfelle vurdere om omsorgsyteren er i stand til å gje forsvarleg omsorg. Grad av fysisk/psykisk belastande omsorgsarbeid sett i forhold til normalsituasjon.

Faktorar som det kan vektleggjast i vurderinga er:

Om omsorgsarbeidet er meir fysisk eller psykisk tyngjande enn vanleg.

Om omsorgsarbeidet innber mykje nattarbeid eller avbroten nattesvevn

Korleis arbeidet er fordelt over tid, om det skjer i perioder eller heile tida.

Om omsorgsarbeidet har vart i kort tid eller er venta å vare i lang tid.

Om omsorgsarbeidet fører til sosial isolasjon og mangel på ferie og fritid.

Om omsorgsgjevar har omsorg for meir enn ein person.

Om omsorgsgjevar har omsorgsplikt. Berre foreldre har omsorgsplikt for mindreårige born. Det vil vera aktuelt med omsorgsløn dersom omsorga klart overstig vanlig omsorg for barn på same alder.

Omsorgsløn må vurderast opp mot andre tenester og tiltak som kan avlasta omsorgsgjevar i det tyngjande omsorgsarbeidet.

Omsorgsgjevar må vera vurdert til å vera eigna og kompetent til omsorgsarbeidet både av den omsorgstrengjande og kommunen i det enkelte tilfelle.

17.0 AVLASTNING I INSTITUSJON

17.1. Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. §§ 1-1,3-1 og 3-2 nr. 6 bokstav d.

17.2. Målesetting

Pleietrengjande som bur heime kan få eit opphald på Lom helseheim i eit stuttare tidsrom slik at dei som har den daglege

omsorga kan få avlastning.

17.3. Kven kan få tenesta

Dei som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid for pleietrengande heimebuande.

17.4. Tenestas innhald

Opphald på Lom helseheim for den som er pleietrengande, inneheld pleie- og omsorg, men ikkje utredning, behandling og rehabilitering.

17.5. Kva kan pasienten forvente av tenesteytar

Mål og planar for tenesta til pasienten utarbeidast i samarbeid med pasient og eventuelt pårørande, jf. Lov om pasient- og brukerrettigheter og Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.

All pleie og omsorg gis i samarbeid med autorisert helsepersonell.

Legemiddelhandtering utføres av autorisert helsepersonell etter foreskriving av lege.

Tilbod om å delta på sosiale tilstellingar på Lom helseheim.

17.6. Våre forventningar til pasienten

Den enkelte pasient utførar det han/ho meistrar.

Tek med seg legemidlar og medisinsk utstyr.

Tek sjølv ansvar for verdisakar som tas med på Lom helseheim

Sørgjer for at private klede er merket.

Sørgjer for transport til og frå Lom helseheim

17.7. Praktiske opplysningar

Tenesta er gratis.

18.0 KORTTIDS-REHABILITERINGSOPPHALD I INSTITUSJON/NGLMS

18.1. Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse-og omsorgstjenester m.m. §§ 1-1, 3-1 og 3-2 nr. 6 bokstav c.

18.2. Målsettinga

Brukar deltar i utarbeidelse av mål og planar for opphaldet.

Brukar opprettheld/gjenopptrenar funksjonar.

Tverrfagleg samarbeid der det blir avklara vidare omsorgsnivå.

Førebygge langtidsopphald på Lom helseheim.

Medisinsk behandling.

Kvardagsrehabilitering, ADL-trening.

18.3. Kven kan få tenesta

Pasientar som for ei stuttare periode treng døgkontinuerleg pleie, behandling, tilsyn og/eller opptrening/rehabilitering.

Lom og Skjåk Tildelingskontor i samarbeid med tverrfagleg team og andre relevante samarbeidspartnarar vurderer om naudsynt helsehjelp kan gjevast i heimen. Der denne hjelpen kan gjevast på ein forsvarleg måte, har ikkje søkjaren krav på kortids/rehabiliteringsplass på Lom helseheim/NGLMS.

18.4. Tenestas innhald

I ein innkomstsamtale blir det satt mål for opphaldet.

Tidsavgrensa opphald med forventa rehabiliteringspotensiale etter medisinsk vurdering.

Pasientane får individuell pleie, behandling, tilsyn og rettleiing, der målet er at dei skal greie mest mogleg sjølv.

Observasjon.

Medisinsk behandling og pleie ved sjukdom.

Medisinsk behandling, pleie og tilsyn som ikkje krev sjukehus innleggelse.

Det ytast tverrfagleg oppfølging. Tilsynslegen er på Lom helseheim 2 dagar i veka.

Tilsynslege henviser pasientar til fysioterapeut og spesialisthelsetenesta ved behov.

Legge til rette for at brukar har nødvendige hjelpemidlar.

Vurdering av tilstand og funksjonsnivå med tanke på behandling, tiltak og framtidige omsorgsbehov.

Etterbehandling frå sjukehus.

All pleie og omsorg gis i samarbeid med autorisert helsepersonell.

Legemiddelhandtering utføres av autorisert helsepersonell etter foreskriving av lege.

Tilbod om å delta på sosiale tilstellingar på Lom helseheim.

Pasientar med behov for langvarig og koordinerte tenester, skal få tilbod om å få utarbeida ein individuell plan jf. Lov om pasient- og brukarrettighetsloven § 2-5.

Fri transport til behandling hjå spesialisthelsetenesta.

Ved ynskje om fotpleiar og frisør, kan dette bestillast mot eigenbetaling. Denne tenesta blir gjeve inne på institusjonen.

Fri tannbehandling ved offentleg tannklinikk.

Pleie og omsorg ved livets slutt.

Tidsavgrensa opphald/rehabilitering blir ikkje automatisk eit langtidsopphald sjølv om behovet for hjelp aukast. Forlenging av opphald etter tverrfagleg vurdering.

18.5. Kva kan pasienten forvente av tenesteytar/tildeling

Det blir sendt ut skriftleg vedtak med ei beskriving av tenesta.

Kontakt med andre tenesteområdar vert vurdert ved behov.

18.6. Våre forventningar til pasient/pårørande/verje

Den enkelte pasient utførar det han/ho meistarar.

Tek sjølv ansvar for verdisakar som tas med på Lom helseheim.

Sørger for at private klede er merket.

Sørgjer for transport og betaling for den til og frå Lom helseheim.

18.7. Praktiske opplysningar

Vederlag for opphaldet krevjast ihht. "Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester vedteke

16.desember 2011 Kap 1 av Helse og omsorgsdepartementet, og i Lov av 24. juni nr 30 om kommunale helse og

omsorgstenester m.m § 11-2 , er kommunen gjeve heimel for å krevja eigenbetaling for opphald i institusjon etter khol §3-2 nr. 6, bokstav c

19.0 LANGTIDSOPPHALD I INSTITUSJON.

19.1. Lovgrunnlag

Lov om kommunale helse-og omsorgstjenester m.m. §§ 1-1, 3-1 og 3-2 nr. 6 bokstav c.

19.2. Målsetting

Får dekt behovet for heildøgns pleie- og omsorg, slik at pasienten skal kunne sikrast ein verdig, trygg og meningsfull alderdom på institusjon.

19.3. Kven kan få tenesta

Pasientar som har behov for tenester ut over det som på ein fagleg forsvarleg måte, ikkje kan gjevast i heimen.

19.4. Tenestas innhald

Tenesta innvilges for ei lengre periode, eller som eit opphald livet ut.

Innkomst/kartleggingssamtale med vurdering av funksjonsnivå, utarbeidelse av mål for opphaldet og vurdering av eventuelt behandlingsbehov.

Medisinsk behandling, pleie og tilsyn som ikkje krev sjukehus innleggelse.

Observasjon.

Etterbehandling etter sjukehusopphald.

All pleie og omsorg gis i samarbeid med autorisert helsepersonell.

Individuell pleie, behandling, tilsyn og rettleiing gis på ein slik måte at pasienten klarer mest mulig sjølv, etter prinsippet om «hjelp til sjølvhjelp».

Legemiddelhandtering utføres av autorisert helsepersonell/faglært personale med medisindelegering, og etter foreskriving av lege.

Det ytast tverrfagleg oppfølging. Tilsynslegen er på Lom helseheim 2 dagar i veka.

Tilsynslege henviser pasientar til fysioterapeut og spesialisthelsetenesta ved behov.

Pasientar med behov for langvarig og koordinerte tilbod, skal få tilbod om å få utarbeida ein individuell plan jf. Lov om pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5.

Legge til rette for at brukar har nødvendige hjelpemidlar.

Fri eigenandel ved transport og behandling hjå spesialisthelsetenesta.

Fri tannbehandling ved offentleg tannklinikk.

Tilbod om å delta på sosiale tilstellingar på Lom helseheim.

Ved ynskje om fotpleiar og frisør, kan dette bestillast mot eigenbetaling. Denne tenesta blir gjeve inne på institusjonen.

Brukar med diabetes kan få refundert utgiftene til fotpleiar frå Lom helseheim.

Pleie og omsorg ved livets slutt.

19.5. Kva kan pasienten forvente av tenesteytar/tildeling

Innkomtsamtale/kartlegging av funksjonsnivå.

Tildeling av tenesta med bakgrunn av kartlegging av funksjonsnivået(IPLOS), etter individuell/tverrfagleg vurdering.

Skrifteleg vedtak, tenestebeskrivels og ei orientering om vederlag for opphald i institusjon vert utsendt. Vederlagsberekninga blir gjort saman med økonomiavdelinga.

Revurdering av tilbodet ved endring av funksjonsnivå.

19.6. Våre forventningar til pasient/pårørande/verje

Gi nødvendige opplysningar iht. Vederlag for opphald i institusjon.

Den enkelte pasient utfører sjølv det hun/han meistarar.

Forståing for at vedtaket kan endrast ved endring av funksjon.

Er ansvarleg for verdisaker/gjenstandar som tas med til Lom helseheim.

Sørgjer for at tøyet er merka.

19.7. Kommunale vilkår

Alle vilkår for tildeling av pleie- og omsorgstenestar av praktisk og personleg hjelp, samt opplæring i heimen, skal være vurdert. Med dette meines at heimesjukepleie, praktisk bistand, korttidsopphald, dagtilbud, evtnt. avlastning er vurdert som ikkje hensiktsmessig før langtidsopphald på Lom helseheim vert innvilga.

19.8. Praktiske opplysningar

Vederlag for opphaldet krevjast ihht. "Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester vedteke

16.desember 2011 Kap 1 av Helse og omsorgsdepartementet, og i Lov av 24. juni nr 30 om kommunale helse og

omsorgstenester m.m § 11-2 , er kommunen gjeve heimel for å krevja eigenbetaling for opphald i institusjon etter khol §3-2 nr. 6, boktav c.



Kvalitetstiltak for tilbeding av tene- stegleie og -gjeld i

